

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>01.06.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 14:50</b>

**Faste medlemer til stades:** **Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Forfall til møtet:** **Gunhild Berge Stang, V**

**Varamedlemer til stades:** **Marita Gunn Aarvik, Frp**

**Til stades med møte- og talerett:** **Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:** **Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebøkene frå 4. og 27. mai 2016 vart godkjende utan merknader.

Fylkesutvalet handsama sak 59/16, Framtidig Vestlandsregion, før dei andre sakene på saklista.

### **Munnlege orienteringar:**

**1 Fjord 1 AS:** Fylkesordføraren orienterte frå generalforsamlinga og eigarmøte i selskapet 24.05.16. Orienteringa vart gitt ut frå dokument arkivert i ESA 15/8067-225. Styreleiaren i F1 Holding AS, Jan Øhlckers, orienterte om Fjord1 AS sitt resultat for 2015 og rekneskapen per første kvartal 2016, jf. dokument 7a og 7b i sak 60/16. Fylkesutvalet vedtok at orienteringane under dette punktet skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4.

**2 Firda Billag AS:** Eigarutsending Trude Brosvik orienterte frå generalforsamlinga og eigarmøtet i selskapet 25.05.16. Fylkesutvalet vedtok at orienteringane under dette punktet skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4.

**3 Bankavtalen med Sparebank1 SMN:** Fylkesrådmannen orienterte om status når det gjeld tolkinga av bankavtalen, jf. dokument 6 i sak 60/16. Fylkesutvalet vedtok at orienteringane under dette punktet skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 1.

*4 Stortingsbenken:* Fylkesutvalet var samde om at praksis skal vere at medlemene i fylkesutvalet stiller i møte med Stortingsbenken. Vararepresentantar vert inviterte ved eventuelle forfall.

**SAK 42/16      Oppnemning av medlemer til det regionale skatteutvalet for Skatt vest for valperioden 2016 - 2019**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune føretok slik oppnemning til skatteutvalet for Skatt vest:

Nestleiar: Tore Bråstad, Leirvik

Medlem: Oddveig Birkeland, Førde

Varamedlem: Arnstein Hauståker, Kaupanger

**SAK 43/16      Høyring - Forslag til lokalisering av felleseininger for løn og rekneskap i politiet**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Med tilvising til høyringsbrev og høyringsnotat frå Politidirektoratet, dagesett 25.april 2016, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til lokalisering av felleseininger for løn- og rekneskap i politiet:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må leggje politiet si felles-eining for løn- og rekneskap til Florø.
2. Gjennom Nærpolitireforma har Sogn og Fjordane politidistrikt vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansearbeids-plassar er viktige for å gjere bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellesstener og oppgåver skal fordelast i politiet, noko retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringer for.
3. Sogn og Fjordane har vore konstruktiv etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggjast desentralisert.
4. Fylkesutvalet har tidlegare gitt sin støtte til lokalisering av felles løn- og rekneskapsseining til Florø (FU sak 19/16, 2.mars 2016). Dette er formidla til Politidirektoratet i brev dagsett 8.mars 2016, med vedlagt felles brev frå fylkeskommunen og Flora kommune dagsett 7.mars 2016. Protokoll frå fylkesutvalet 2.mars følgjer vedlagt og fylkesutvalet legg til grunn at denne protokollen inngår som del av vår høyringsuttale.

Fylkesutvalet har slike merknader til høyringsnotatet:

1. Fylkesutvalet vil peike på at når kriteriet minimumsbemannning (9 medarbeidarar) med pendleavstand mindre enn ein time frå bustad blir kombinert med ei tung vekt (60%) av kriteriet kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing, vil ingen område utafor det sentrale Austlandet bli med i vurderinga. Dette går fram av høyringsdokumentet og er samanfatta i tabellen s. 10. Fylkesutvalet er uroa over denne vektlegginga med dei konsekvensane den har og krev at kriteriet knytt til lokaliseringsspolitikk blir tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere fellesstener, spesialistenester og fagmiljø.

Fylkesutvalet viser her til eigen uttale om administrasjonsstad for i dei nye politidistrikta, punkt 6, dagsett 17.november 2015.

2. Fylkesutvalet er kritisk til at omorganiseringa av politiet blir splitta opp i enkeltståande tiltak, underlagt varierande kriteria og vekting av desse, og sendt på høyring enkeltvis. Dette gjer det umogeleg å få eit heilskapleg bilete av den samla omorganiseringa og konsekvensane for statlege arbeidsplassar lokalt og regionalt.
3. Fylkesutvalet merkar seg at det er sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som allereie har gjennomført tilsvarende endringar (jf. høyringsnotatet s. 3, nest siste avsnitt). Ut over at det vil vere behov for om lag 70 medarbeidarar og eit areal på om lag 1.400 kvm, gir ikkje høyringsnotatet opplysningar om kva erfaringar desse etatane har. Fylkesutvalet meiner dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.
4. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at det er vurdert om politiet kan gjere seg nytte av samverke med andre statsetatar sine fellesiningar innanfor løn- og rekneskap, og gjennom dette kunne vektleggje kriteria for lokalisering annleis. Fylkesutvalet meiner også dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.

#### **Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Fylkesordføraren får fullmakt til å formulere fylkeskommunen si endelege høyringsfråsegn basert på fylkesrådmannen si tilråding.

#### **Avrøyting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med tillegget frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedteken.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Med tilvising til høyringsbrev og høyringsnotat frå Politidirektoratet, dagsett 25.april 2016, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til lokalisering av fellesininga for løn- og rekneskap i politiet:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må leggje politiet si felles-eining for løn- og rekneskap til Florø.
2. Gjennom Nærpolitireforma har Sogn og Fjordane politidistrikt vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansearbeidsplassar er viktige for å gjere bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellesinester og oppgåver skal fordelast i politiet, noko retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringar for.
3. Sogn og Fjordane har vore konstruktiv etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggjast desentralisert.
4. Fylkesutvalet har tidlegare gitt sin støtte til lokalisering av felles løn- og rekneskapselining til Florø (FU sak 19/16, 2.mars 2016). Dette er formidla til Politidirektoratet i brev dagsett 8.mars 2016, med vedlagt felles brev frå fylkeskommunen og Flora kommune dagsett 7.mars 2016. Protokoll frå fylkesutvalet 2.mars følger vedlagt og fylkesutvalet legg til grunn at denne protokollen inngår som del av vår høyringsuttale

Fylkesutvalet har slike merknader til høyringsnotatet:

1. Fylkesutvalet vil peike på at når kriteriet minimumsbemanning (9 medarbeidarar) med pendleavstand mindre enn ein time frå bustad blir kombinert med ei tung vekting (60%) av kriteriet kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing, vil ingen område utafor det sentrale Austlandet bli med i vurderinga. Dette går fram av høyringsdokumentet og er samanfatta i tabellen s. 10. Fylkesutvalet er uroa over

denne vektlegginga med dei konsekvensane den har og krev at kriteriet knytt til lokaliseringspolitikk blir tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere fellesenester, spesialtjenester og fagmiljø. Fylkesutvalet viser her til eigen uttale om administrasjonsstad for i dei nye politidistrikta, punkt 6, dagsett 17.november 2015.

2. Fylkesutvalet er kritisk til at omorganiseringa av politiet blir splitta opp i enkeltståande tiltak, underlagt varierande kriteria og vekting av desse, og sendt på høyring enkeltvis. Dette gjer det umogeleg å få eit heilskapleg bilete av den samla omorganiseringa og konsekvensane for statlege arbeidsplassar lokalt og regionalt.
3. Fylkesutvalet merkar seg at det er sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som allereie har gjennomført tilsvarende endringar (jf. høyringsnotatet s. 3, nest siste avsnitt). Utover at det vil vere behov for om lag 70 medarbeidarar og eit areal på om lag 1.400 kvm, gir ikkje høyringsnotatet opplysningar om kva erfaringar desse etatane har. Fylkes-utvalet meiner dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.
4. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at det er vurdert om politiet kan gjere seg nytte av samverke med andre statsetatar sine fellesiningar innanfor løn- og rekneskap, og gjennom dette kunne vektleggje kriteria for lokalisering annleis. Fylkesutvalet meiner også dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.

Fylkesordføraren får fullmakt til å formulere fylkeskommunen si endelege høyringsfråsegn basert på ovannemnde.

---

## **SAK 44/16 Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016**

### **VEDTAK:**

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2016:

1. Luster kommune får inntil kr. 731 539.
2. Jølster kommune får inntil kr. 120 750.
3. Bremanger kommune får inntil kr. 61 072.
4. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
5. Energikompetansesenteret AS får inntil kr. 200 000
6. Hyllestad kommune får inntil kr. 137 500.
7. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 200 000.
8. Eid vidaregåande skule får inntil kr. 300 000.

Frist for realisering er 15.12.2017 og for sluttrapport 31.12.2017.

---

## **SAK 45/16 Luster - kommunal planstrategi 2016 - 2020**

### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane som er gjort i den kommunale planstrategien for Luster kommune. Strategien er tydeleg som vidare verkty i planarbeidet for åra 2016-20.
2. Fylkesutvalet forventar likevel at strategien i større grad tek inn i seg og legg regional planstrategi til grunn for det kommunale strategisk planarbeidet. Det bør gjerast ei drøfting av Luster som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

---

**SAK 46/16      Flora kommune - Kommuneplan - Samfunnsdel**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet meiner det er eit godt grep Flora kommune har gjort med å kople saman arbeidet med planstrategi og samfunnsdelen i kommuneplanen. Dette forenklar planprosessane og kan bidra til å styrke deltakinga lokalt.
  2. Samfunnsdelen i kommuneplanen tek tak i viktige utfordringar for Flora, og er tydelege på retninga for kommunen innan dei ulike fagtema.
  3. Fylkesutvalet ber om at faglege merknadar til samfunnsdelen i saksutgreiinga, vert vurdert inn i endeleg plandokument.
  4. Fylkesutvalet forventar at det i arbeidet med den kommunale planstrategien vert vist til dialogen med nabokommunane og at Flora kommune og Florø by si rolle som del av ein større bu - og arbeidsmarknadsregion, vert drøfta.
  5. Fylkesutvalet forventar at den kommunale planstrategien konkretiserer kva for regionale planar kommunen meiner det er behov for og vil forplikte seg til å delta i.
  6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing.
- 

**SAK 47/16      Høyningsuttale til søknader om løyve til å bygge tre småkraftverk i Lærdal kommune**

**VEDTAK:**

1. Samla vurdering

A. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet i Lærdalen med sidedalar er stort, og at dei tre nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudintrykket av dette. For dei to prosjekta i elva Kuvelda er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små til moderate, og fylkeskommunen rår difor til utbygging. Vidare kan ei utbygging i elva Kvemma aksepterast, utan overføring av Volldøla der landskapsinteressene er for store til at fylkeskommunen kan rå til utbygging. Om det skulle bli gitt løyve med overføring av Volldøla, må minstevassføringa her aukast vesentleg.

B. Når det vert gitt løyve, må krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 setjast som konsesjonsvilkår.

2. Tynjadalen kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

3. Fosseteigen kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

4. Øvre Kvemma kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging utan overføring av Volldøla. For Volldøla er det lagt vekt

på at landskapsinteressene er for store til å kunne tilrå utbygging. Om det skulle bli gitt løyve med overføring av Volldøla, må minstevassføringa her aukast vesentleg.

---

## **SAK 48/16      Regional cruisestrategi for Vestlandet**

### **VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik den ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
  2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
  3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at ei ordning med fellesgodefinansiering for reiselivsnæringane blir utgreidd på nasjonalt nivå, og at fellesgodefinansiering også gjeld cruiserelatert verksemder. Dette bør innarbeidast i strategiar og handlingsplan og føre til ei felles fråsegn frå vestlandsfylka.
- 

## **SAK 49/16      Skiping av "Forum for grøn energi"**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek orienteringa om skiping av «Forum for grøn energi» til vitande.

---

## **SAK 50/16      Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget viser til notatet «Etablering av regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet», jf. vedlegg 1. Fylkestinget vedtek å etablere eit regionalt bompengeselskap, Sørvest Vegfinans AS, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder, i samsvar med føresetnadane i notatet.
2. Fylkestinget sluttar seg til dei utarbeidde vedtekene med føreslått aksjefordeling for Sørvest Vegfinans AS. Jf. vedlegg 2.

3. Fylkestinget løyver kr. 100 000,- i aksjekapital (100 aksjar á kr. 1 000) til Sørvest Vegfinans AS. Løyvinga vert finansiert av driftsmidlar overført til investering. Naudsynte endringar i drifts- og investeringsbudsjettet som følgje av dette vert innarbeidd i tertialrapport 1/16.

Fylkestinget legg til grunn at dei andre eigarane løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. tilsaman 5 x 100 aksjar á kr. 1 000).

4. Fylkestinget ser det som naudsynt at Sørvest Vegfinans AS raskt kjem i gong med å fusjonere inn aktuelle bompengeselskap. Fylkestinget ønskjer at selskapet Førdepakken Bomselskap AS vert prioritert tidleg for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet.
- 

## **SAK 51/16 Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet**

### **VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek delegerings- og innstillingsreglementet i samsvar med vedlegget.

---

## **SAK 52/16 Rekneskap 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015, som syner kr 2 178 188 467,47 til fordeling i drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 57 978 221,70, vert godkjend.
  2. Overskotet for 2015 på kr 57 978 221,70 vert avsett til bufferfondet.
- 

## **SAK 53/16 Årsrapport 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget gjere slikt vedtak:**

1. Årsrapport 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.
-

## SAK 54/16 Tertiærrapport 1/2016

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Rammetilskotet vert redusert med 3,819 mill.kr.
- 2 Regionale utviklingsmidlar vert auka med 3,030 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 13,988 mill. kr.  
Ekstraordinære avdrag vert auka tilsvarende.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 12,186 mill. kr.
- 5 Avsetjing til omstillingsfond vert redusert med 0,360 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 1,678 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert auka med 0,278 mill. kr.*  
*Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 2,500 mill. kr.*  
*Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert auka med 1,450 mill. kr. Midlane vert flytta frå teneste 7163 Klima og miljø. Teneste 7163 utgår.*  
*Teneste 7164 Friluftsliv mv. med tilhøyrande budsjett på 1,100 mill. kr vert flytta til sektoren næring og kultur.*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 12,024 mill. kr. med slik fordeling:  
*Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,238 mill. kr.*  
*Teneste 5200 Pedagogisk leiing vert redusert med 2,000 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 10,000 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 4,274 mill. kr.*  
*Teneste 5313 Jordbrukskulegårdar vert redusert med 0,100 mill. kr.*  
*Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.*  
*Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,130 mill. kr.*  
*Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 4,000 mill. kr.*  
*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 0,570 mill. kr.*  
*Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 0,500 mill. kr.*  
*Teneste 5810 Vaksenopplæring vert auka med 1,500 mill. kr.*
- 8 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 3,995 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7012 Bransjeretta satsningar vert auka med 1,280 mill. kr.*  
*Teneste 7015 Nyskapning vert auka med 1,250 mill. kr.*  
*Teneste 7164 Friluftsliv mv. med tilhøyrande budsjett på 1,100 mill. kr vert flytta til sektoren næring og kultur frå sektoren politisk styring, plan og forvaltning.*  
*Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,250 mill. kr.*  
*Teneste 7720 Kunstproduksjon vert auka med 0,115 mill. kr.*
- 9 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 6,264 mill. kr. med slik fordeling:  
*Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 3,550 mill. kr.*  
*Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 2,898 mill. kr.*  
*Teneste 7322 Båt- ekspress- og lokalruter vert auka med 0,184 mill. kr.*

### B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.

- 3 Inntekter frå sal av anleggsmidlar på samla 12,952 mill. kr - med fråtrekk for eventuelle salskostnadar - vert nytta til ekstraordinære avdrag.

### C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.
- 3 Budsjettreglementet vert endra i samsvar med vedlegg 7.

### Endringsframlegg:

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr 200 000,- til jubileumsførestillinga til Dans Utan Grenser, slik at denne er sikra fullfinansiering. Løyvinga vert dekka frå bufferfondet.

### Avrøyting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet og tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

### Dette gir følgjande VEDTAK:

#### Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

##### A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Rammetilskotet vert redusert med 3,819 mill.kr.
- 2 Regionale utviklingsmidlar vert auka med 3,030 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 13,988 mill. kr.  
Ekstraordinære avdrag vert auka tilsvarande.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 12,186 mill. kr.
- 5 Avsetjing til omstillingsfond vert redusert med 0,360 mill. kr.
- 6 Bruk av bufferfond vert auka med 0,200 mill. kr.
- 7 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 1,878 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert auka med 0,278 mill. kr.*  
*Teneste 4802 Folkehelsearbeid vert auka med 0,200 mill. kr.*  
*Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 2,500 mill. kr.*  
*Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert auka med 1,450 mill. kr. Midlane vert flytta frå teneste 7163 Klima og miljø. Teneste 7163 utgår.*  
*Teneste 7164 Friluftsliv mv. med tilhøyrande budsjett på 1,100 mill. kr vert flytta til sektoren næring og kultur.*
- 8 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 12,024 mill. kr. med slik fordeling:  
*Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,238 mill. kr.*  
*Teneste 5200 Pedagogisk leiing vert redusert med 2,000 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 10,000 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 4,274 mill. kr*  
*Teneste 5313 Jordbrukskulegårdar vert redusert med 0,100 mill. kr.*  
*Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.*  
*Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,130 mill. kr.*  
*Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 4,000 mill. kr.*  
*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 0,570 mill. kr.*

*Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 0,500 mill. kr.  
Teneste 5810 Vaksenopplæring vert auka med 1,500 mill. kr.*

- 9 Sektorbudsjettet til nærings og kultur vert auka med 3,995 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,280 mill. kr.  
Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 1,250 mill. kr.  
Teneste 7164 Friluftsliv mv. med tilhøyrande budsjett på 1,100 mill. kr vert flytta til sektoren næring og kultur frå sektoren politisk styring, plan og forvaltning.  
Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,250 mill. kr.  
Teneste 7720 Kunstproduksjon vert auka med 0,115 mill. kr.*
- 10 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 6,264 mill. kr. med slik fordeling:  
*Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 3,550 mill. kr.  
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 2,898 mill. kr.  
Teneste 7322 Båt- ekspress- og lokalruter vert auka med 0,184 mill. kr.*

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 3 Inntekter frå sal av anleggsmidlar på samla 12,952 mill. kr - med fråtrekk for eventuelle salskostnadar - vert nytta til ekstraordinære avdrag.

#### **C. Andre område**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
  - 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.
  - 3 Budsjettreglementet vert endra i samsvar med vedlegg 7.
- 

### **SAK 55/16      Tannhelsetenesta - ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane reduserer talet på tannklinikkar frå 28 til 18 innan 01.01.2019. Tannklinikke i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Dale, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla.
2. Førde, Askvoll og Høyanger tannklinikkar vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar.
3. Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderer forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst for behandling til gode. Fylkestinget får revidert forskrift til handsaming i desember 2016.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg:

Endring av pkt 1: «..reduserer talet til 19....». Ta ut «Selje». Kalle punktet 1.a.  
Nytt pkt 1.b: Selje tannklinik vert oppretthalden som ei avdeling /ambuleringsklinik under Måløy eller Eid tannklinik.

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg:

Sentralklinikkane og Måløy tannklinik skal ha utvida opningstider.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Kommunar som ynskjer å overta ledige tannlekestolar får overta dei vederlagsfritt.

**Avrøysting:**

Trude Brosvik og Marita Gunn Aarvik røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti, og framlegget fall.

Framlegga frå fylkesutvalet og Senterpartiet vart samråystes vedtekne.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedtekne endringsframlegg, vart samråystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane reduserer talet på tannklinikkar frå 28 til 18 innan 01.01.2019. Tannklinikkane i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Dale, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla.
2. Førde, Askvoll og Høyanger tannklinikkar vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar.
3. Sentralklinikkane og Måløy tannklinik skal ha utvida opningstider.
4. Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderer forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst for behandling til gode. Fylkestinget får revidert forskrift til handsaming i desember 2016.
6. Kommunar som ynskjer å overta ledige tannlekestolar får overta dei vederlagsfritt.

---

**SAK 56/16      Økonomiplan 2017-2020**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2017-2020 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling. Dette gjev følgjande sektorrammer:

Økonomiske rammer	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Fellesinntekter/- utgifter - netto	-2 194,5	-2 177,1	-2 152,3	-2 078,6

Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	159,2	158,9	158,5	157,9
Opplæring	824,1	803,9	791,5	786,8
Tannhelsetenesta	81,5	76,4	76,4	76,4
Nærings- og kultur	154,4	148,3	147,9	147,9
Samferdsle	975,3	989,7	978,1	909,7
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 194,5</b>	<b>2 177,1</b>	<b>2 152,3</b>	<b>2 078,6</b>

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

2. Rammene til tannhelsetenesta vil ev. bli tilpassa fylkestinget sitt vedtak i høve den samtidige saka om «Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikks- og tenestestruktur»
3. Økonomiplanen 2017-2020 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
4. Tiltrådde tiltak og tilpassingar må om naudsnyt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017.
5. Dei uspesifiserte innsparingskrava innan opplæring og samferdsle må konkretiserast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
6. Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato må handsamast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
7. Samla investeringsrammer for økonomiplan 2017-2020 er førebels fastsett slik:  
2017: 569,2 mill. kr,  
2018: 233,1 mill. kr,  
2019: 161,6 mill. kr,  
2020: 130,0 mill. kr.

#### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg:

Framlegg til to nye verbale punkt

I første møte i finansutvalet vert det ein sekvens der ein får førelagt eit samla oversyn over nedskjerings tiltaka i dei ulike sektorane.

Fylkeskommunen bør ha som ambisjon å bidra med læreplassar i fylkeskommunal sektor i tråd med KS sine anbefalingar. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie ei sak om korleis dette kan realiserast.

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ramma til næring og kultur vert auka med 800 000,- i 2017.

#### **Avrøyting:**

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sine framlegg til vedtak vart samråystes vedtekne. Fylkesrådmannen si tilråding, med vedtekne endringar, vart samråystes vedteken.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2017-2020 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling. Dette gjev følgjande sektorrammer:

<b>Økonomiske rammer</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Fellesinntekter/- utgifter - netto	-2 195,3	-2 177,1	-2 152,3	-2 078,6
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	159,2	158,9	158,5	157,9
Opplæring	824,1	803,9	791,5	786,8
Tannhelsetenesta	81,5	76,4	76,4	76,4
Nærings- og kultur	155,2	148,3	147,9	147,9
Samferdsle	975,3	989,7	978,1	909,7
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 195,3</b>	<b>2 177,1</b>	<b>2 152,3</b>	<b>2 078,6</b>

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

2. Rammene til tannhelsetenesta vil ev. bli tilpassa fylkestinget sitt vedtak i høve den samtidige saka om «Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikks- og tenestestruktur»
3. Økonomiplanen 2017-2020 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
4. Tilrådde tiltak og tilpassingar må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017.
5. Dei uspesifiserte innsparingskrava innan opplæring og samferdsle må konkretiserast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
6. Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato må handsamast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
7. Samla investeringsrammer for økonomiplan 2017-2020 er førebels fastsett slik:  
2017: 569,2 mill. kr,  
2018: 233,1 mill. kr,  
2019: 161,6 mill. kr,  
2020: 130,0 mill. kr.
8. I første møte i finansutvalet vert det ein sekvens der ein får førelagt eit samla oversyn over nedskjeringsstiltaka i dei ulike sektorane.
9. Fylkeskommunen bør ha som ambisjon å bidra med læreplassar i fylkeskommunal sektor tråd med KS sine anbefalingar. Administrasjonen får i oppdrag å utgjere ei sak om korleis dette kan realiserast.

---

**SAK 57/16 Nasjonal transportplan 2018-2029, fråsegn**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at nye investeringsprosjekt er i for stor grad vert vurderte på grunnlag av samfunnsøkonomisk nytte. Fylkestinget er sterkt kritisk til dette og meiner at klimaomstilling, samfunnstryggleik og samanhengande utbygging og standard må vektleggast sterkare. Fylkestinget finn det naudsynt å peike på at vegbygging historisk sett har hatt samfunnsøkonomisk nytte. Vi finn difor at modellen som vert nytta no for rekning av samfunnsøkonomisk nytte ikkje er tilfredsstilande, då den i all hovudsak finn all infrastrukturutbygging ulønsam.

Det må her vektleggast at fylket utan jernbane med funksjon innan gods og kollektiv, er i ei særstilling.

- 2 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg likevel i hovudsak til hovudmåla i transportetatane sitt grunnlagsdokument til Nasjonal transportplan 2018 - 2029.
- 3 Fylkestinget konstaterer at store bindingar gjer at det ikkje vil kome nye investeringar før i høg ramme. Fylkestinget meiner at høg ramme må aukast og leggast til grunn for investeringar i planperioden. Viktige prosjekt for Sogn og Fjordane i gjeldande transportplan er ikkje med i framleggget frå transportetatane. Dette gjeld prosjekt som utbetring av delstrekningar på E39, rv. 13 tunnel gjennom Vikafjellet og rv. 15 Strynefjellet. Dette kan ikkje aksepteras og nemnde prosjekt må vidareførast i neste NTP. Det må leggast vekt på at vi har eit svært omfattande og eksportretta næringsliv, som er avhengig av god infrastruktur.
- 4 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg i hovudsak til klimastrategien i grunnlagsdokumentet. Potensialet for reduksjon av klimagassutslepp er størst i og rundt dei største byane gjennom auka satsing på kollektivtransport og tiltak for å få ned utslepp frå flytransport. For Sogn og Fjordane vil dei viktigaste klimatiltaka vere å redusere forfallet på vegnettet, legge til rette for at overgang til el-mobilitet også skal kunne skje utafor dei største byane, og utvikle infrastrukturen slik at vi unngår store skadar som følge av klima - endringa med meir ekstreme nedbørsmengder.

Fylkestinget syner til ambisjonane for kutt i klimagassutslepp, og vil som kjøpar av kollektiv- og ferjenester ta ei aktiv rolle slik at desse tenestene vert levert med låg- og nullutsleppsløysingar. Skal fylkeskommunen vere ein bidragsytar i dette arbeidet må det opprettast ordningar som dekker fylkeskommunane sine meirkostnadar ved å velje slike løysingar.

Fylkestinget har merka seg den tydelege klimaprofilen i NTP. For å lukkast med å nå nasjonale og internasjonale klimamål innan transportsektoren, vil det vere behov for felles metode-, verktøy-, måltall-, vekting-, og begrepsapparat for å kvantifisere og følge opp det vidare klimaarbeidet i planperioden. Fylkestinget ber om at dette blir utarbeidd og implementert i det vidare NTP-arbeidet.

- 5 Prognosane i grunnlagsdokumentet viser ein kraftig folketalsvekst fram mot 2050 og at mestparten av denne veksten vil kome i og rundt dei større byane. Fylkestinget sluttar seg til dei mål og strategiar som er lagt til grunn for å møte denne veksten, men meiner samstundes at distrikta sine utfordringar ikkje må gløymast. Det er behov for auka rammetilskot for drift av kollektivtransporten i distrikta både ut frå nullvekstmålet og behovet for eit fleksibelt og brukartilpassa kollektivtransporttilbod, samt underfinansiering av anbodskontraktane i båt - og ferjetrafikken. Det er difor heilt nødvendig at staten bidreg vesentleg meir til drift av kollektivtrafikken også i distrikta.
- 6 Dersom vi skal få til overføring av gods frå veg til sjø, må staten inn med incentiv - ordningar for å få gjennomført slik omlegging av transporten. Fylkestinget meiner det er viktig at det vert lagt til rette for modulvogntog på riksvegnettet for å redusere tal vogntog i godstransporten.
- 7 Fylkestinget er nøgd med satsinga på å fjerne forfallet på riksvegnettet. Det er eit stort forfall på fylkesvegnettet som også må fjernast. Vedlikehald av infrastrukturen både på riks - og fylkesvegnettet er viktig for trafikktryggleik, framkome og for å møte framtidige klimautfordringar. Fylkestinget viser til at nytt inntektssystem for fylkeskommunane reduserer

fylkeskommunen sine overføringer frå staten fram t.o.m. 2019, noko som vil medføre redusert satsing m.a. på drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det er ikkje samsvar mellom rammeoverføringane frå staten og ambisjonane i grunnlagsdokumentet. Fylkes tinget sluttar seg til KS og transportetatane sitt forslag om eit program for å få bort forfallet på fylkesvegnettet.

- 8 Fylkestinget i Sogn og Fjordane er godt nøgd med at fagetatane har tatt omsyn til dei store utfordingane knytt til rassikring fylket har på riksvegnettet i Sogn og Fjordane Fylkestinget konstaterer at Sogn og Fjordane har fleire viktige prosjekt inne i framlegget til NTP (E39 Våtedalen, E39 Skjærsura, Rv 5 Kjøsnesfjorden og Rv 13 Vik – Vangsnes), og kjem rimeleg godt ut når det gjeld skredsikring av riksvegnettet. Vi meiner at i tillegg må rv. 15 over Strynefjellet og rv. 5 Førde – Florø sikrast med tunnelar. Ramma til skredsikring må aukast i samsvar med Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav for å nå målsettinga om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2030. Fylkestinget i Sogn og Fjordane avviser at skredsikring skal løysast med hjelp av delfinansiering.
- 9 Stad skipstunnel ligg inne som nytt investeringsprosjekt i høg ramme. Prosjektet må flyttast heilt fram på prioriteringslista i låg ramme med byggestart i 2018. Fylkestinget meiner dette prosjekt må realiserast i perioden 2018-21.
- 10 Kalvåg fiskerihamn må flyttast heilt fram på prioriteringslista i låg ramme med byggestart i 2018. I skipsleia sør for Bremanger er det under høg ramme lagt inn prosjekt for utdjuping av 13 grunner. Dette prosjektet er naturleg å ta i samband med Stadt skipstunnel og arbeidet med fiskerihamna i Kalvåg. Dette er svært viktig tiltak for skipstrafikken på kysten.
- 11 Fylkestinget viser til at både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestlandsrådet har som mål å få utbetra E39 til fullgod standard frå Kristiansand til Trondheim. Stortinget sluttar seg til denne ambisjonen i samband med handsaminga av NTP 2014-23, jf. Innst. 450 S(2012-2013). Ut frå målsettinga om gul midtstripe frå sør til nord mellom fjordkryssingane i Sogn og Fjordane, må følgjande prosjekt følgast opp og finansierast inn i investeringsprogrammet:
  - a. E39 Myrmel – Lunde (godkjent reguleringsplan)
  - b. E39 Bogstunnelen – Gaula grense (godkjent kommunedelplan)
  - c. E39 Langeland – Moskog (godkjent kommunedelplan)
  - d. E39 Byrkjelo – Grodås (Planarbeid pågår)
  - e. E39 Kjøs bru – Grodås (Samordnast med KVU mellom Byrkjelo og Grodås)
- 12 Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at rv. 52 over Hemsedalsfjellet vil vere den beste, raskaste og mest klima og miljøvenlege løysinga for framtidig aust - vestsamband nord for Bergen. Fylkeskommunen har tidlegare støttet E134 over Haukeli, med arm til Bergen, som eit av to aust - vestsamband mellom Oslo og Bergen.
- 13 Planleggingstida på vegprosjekt må ned. Reduksjon og effektivisering av planleggingstida på vegprosjekt må bli ein viktig del av NTP.
- 14 Løyving til ny terminal- og driftsbygg på Florø Lufthamn ligg inne i framlegget frå fagetaten Avinor til NTP. Fylkestinget i Sogn og Fjordane forventar at dette vert følt opp.  
Fylkestinget ber om planleggingsmidlar til forlenging av Førde Lufthamn og Florø Lufthamn til høvesvis 1199 m og 2000 m
- 15 Ferjeavløysing må bli eit eige tema/strategisk satsingsområde i Nasjonal Transportplan. Staten må legge til rette for at lønsame og samfunnsøkonomisk gode ferjeavløysingsprosjekt kan realiserast raskast råd. Verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast, mellom anna ved å legge til rette for nye kontraktsformer for brubygging, føreseielege finansieringsmekanismer og utvida mulighet til bompengeperiode ut over 15-20 år på same måte som for ferjeavløysingsmidlar.

Staten må også legge til rette for innovasjon for å bygge bruer raskare og rimelegare enn i dag, m a med flytebru-teknologi.

- 16 Fylkestinget ber om at Nasjonale turistvegar vert utvida til å omfatte attraktive fjordstrekninger, som Nærøyfjorden og Fjærlandsfjorden. Føremålet må vere å sikre stabile ruter med høg kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og gode miljøløysingar.

**Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at klimaomstilling, samfunnstryggleik, eksportverdi og samanhengande utbygging og standard må vektleggast sterkare i dei samfunnsøkonomiske nytteverdiane som vert lagt til grunn for prioriteringane i NTP. Fylkestinget finn det naudsynt a peike på at vegbygging historisk sett har hatt samfunnsøkonomisk nytte. Vi finn difor at modellen som vert nytta no for rekning av samfunnsøkonomisk nytte ikkje er tilfredsstillande, då den i all hovudsak finn all infrastrukturutbygging ulønsam.

Det må her vektleggast at fylket utan jernbane med funksjon innan gods og kollektiv, er i ei særstilling.

2. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg likevel i hovudsak til hovudmala i transportetatane sitt grunnlagsdokument til Nasjonal transportplan 2018 - 2029.
3. Fylkestinget konstaterer at store bindingar gjer at det ikkje vil kome nye investeringar for ein legg til grunn høg ramme som grunnlag for finansiering i Nasjonal Transportplan. Fylkestinget meiner at ein må leggje til grunn ei betydeleg høgare ramme enn etatane si høg ramme som finansiering for kommande nasjonal transportplan.
4. Spesifikt vil Sogn og Fjordane Fylkeskommune peike på følgjande konkrete prosjekt, i prioritert rekkefølge som må realiserast i kommande investeringsprogram 2018-2022:
  1. Stad Skipstunnel – Eit nasjonalt farledprosjekt med store lokale, regionale og nasjonale ringverknader. Stad skipstunnel vil i tillegg til å sikre tryggleiken til dei sjøfarande, være eit prosjekt som gjer store effektar i form av meir effektiv transport, ny næringsverksemd, betre kommunikasjonar langs kysten og legge til rette for at meir gods kan transporterast til sjøs i staden for på veg. Uavhengig av kva finansieringsrammer som vert lagt til grunn, så må Stad Skipstunnel ligge inne i investeringsprogrammet.
  2. Kystvegen Ålesund-Bergen – Fylkestinget krev at kystvegen mellom Ålesund og Bergen vert omklassifiserast til riksveg og 45-minuttsregionen mellom Måløy og Florø må startast opp allereie i første del av planperioden. Vegen er heilt avgjerande for verdiskaping og næringsvekst i kystområda på Vestlandet. Kystvegen vil føre til realisering av enorme nasjonale verdiar blant anna innan fiskeri og akvakultur, samt innan olje- og gassnæringa. Vegen bind saman kystregionane i fleire større bu- og arbeidsregionar som sikrar vekst, verdiskaping og nasjonale næringsinteresser.
  3. Heilårsveg Vik-Voss - Vikafjellsvegen er eit av prosjekta på rv13 Fjordvegen, og er eit viktig prosjekt både for å sikre heilårsveg til Vik, men og for å sikre ei effektiv transportåre i indre delar av Vestlandet.
  4. Ferjefri E39 - Fylkestinget viser til at både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestlandsrådet har som mål å få utbetra E39 til fullgod standard frå Kristiansand til Trondheim. Stortinget sluttar seg til denne ambisjonen i samband med handsaminga av NTP 2014-23, jf. Innst. 450 S(2012-2013). Ut frå dette målsetjinga om gul midtstripe frå sør til nord mellom fjordkryssingane i Sogn og Fjordane, må følgjande prosjekt følgast opp og finansierast inn i investeringsprogrammet:
    - a. E39 Myrmel – Lunde (godkjent reguleringssplan)
    - b. E39 Bogstunnelen – Gaular grense (godkjent kommunedelplan)
    - c. E39 Langeland – Moskog (godkjent kommunedelplan)
    - d. E39 Byrkjelo – Grodås (Planarbeid pågår)
    - e. E39 Kjos bru – Grodås (Samordnast med KVU mellom Byrkjelo og Grodås)

5. RV5 - opprusting av Lunde-Fjærlandstunnelen og Markegata må realiserast i planperioden.
6. RV15 Strynefjellet - KVUen over Strynefjellet må avklarast og vidare framdrift må prioriterast uavhengig av aust/vest samband mot Oslo og ferjefri E39, då desse ligg mykje lenger fram i tid.
5. Prognosane i grunnlagsdokumentet viser ein kraftig folketalsvekst fram mot 2050 og at mestparten av denne veksten vil kome i og rundt dei storre byane. Fylkestinget sluttar seg til dei mål og strategiar som er lagt til grunn for å møte denne veksten, men meiner samstundes at distrikta sine utfordringar ikkje må gløymast og nedprioriterast. Det er behov for auka rammetilskot for drift av kollektivtransporten i distrikta både ut frå nullvekstmålet og behovet for eit fleksibelt og brukartilpassa kollektivtransporttilbod, samt underfinansiering av anbodskontraktane i båt – og ferjetrafikken. Det er difor heilt nødvendig at staten bidreg vesentleg meir til drift av kollektivtrafikken også i distrikta.
6. Dersom vi skal få til overføring av gods frå veg til sjø, må staten inn med incentivordningar for å få gjennomført slik omlegging av transporten. Fylkestinget meiner det er viktig at det vert lagt til rette for modulvogntog på riksvegnettet for a redusere tal vogntog i godstransporten.
7. Fylkestinget er nøgd med satsinga på a fjerne forfallet på riksvegnettet. Det er eit stort forfall på fylkesvegnettet som også må fjernast. Vedlikehald av infrastrukturen både på riks – og fylkesvegnettet er viktig for trafikktryggleik, framkome og for å møte framtidige klimautfordringar. Fylkestinget viser til at nytt inntektssystem for fylkeskommunane reduserer fylkeskommunen sine overføringer frå staten fram t.o.m. 2019, noko som vil medføre redusert satsing m.a. på drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det er ikkje samsvar mellom rammeoverføringane frå staten og ambisjonane i grunnlagsdokumentet. Fylkestinget sluttar seg til KS og transportetatane sitt forslag om eit program for a få bort forfallet på fylkesvegnettet.
8. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er godt nøgd med at fagetatane har tatt omsyn til dei store utfordringane knytt til rassikring fylket har på riksvegnettet i Sogn og Fjordane. Fylkestinget konstaterer at Sogn og Fjordane har fleire viktige prosjekt inne i framlegget til NTP (E39 Våtedalen, E39 Skjærsura, Rv 5 Kjøsnesfjorden og Rv 13 Vik – Vangsnes), og kjem rimeleg godt ut når det gjeld skredsikring av riksvegnettet. Vi meiner at i tillegg må rv. 15 over Strynefjellet og rv. 5 Forde – Florø sikrast med tunnelar. Ramma til skredsikring må aukast i samsvar med Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav for å nå målsettinga om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2030. Fylkestinget i Sogn og Fjordane avviser at skredsikring skal løysast med hjelp av delfinansiering.
9. Kalvåg fiskerihamn må flyttast heilt fram på prioritodingslista med byggestart i 2018. I skipssleia sør for Bremanger er det under høg ramme lagt inn prosjekt for utdjuping av 13 grunner. Dette prosjektet er naturleg å ta i samband med Stadt skipstunnel og arbeidet med fiskerihamna i Kalvåg. Dette er svært viktig tiltak for skipstrafikken på kysten.
10. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at rv. 52 over Hemsedalsfjellet vil vere den beste, raskaste og mest klima og miljøvenlege løysinga for framtidig aust – vestsamband nord for Bergen. Fylkeskommunen har tidlegare støtta E134 over Haukeli, med arm til Bergen, som eit av to aust – vestsamband mellom Oslo og Bergen.
11. Planleggingstida på vegprosjekt må ned. Reduksjon og effektivisering av planleggingstida på vegprosjekt må bli ein viktig del av NTP.
12. Løyving til ny terminal- og driftsbygg på Florø Lufthamn ligg inne i framlegget frå fagetaten Avinor til NTP. Fylkestinget i Sogn og Fjordane forventar at dette vert følgt opp.
13. Ferjeavløysing må bli eit eige tema/strategisk satsingsområde i Nasjonal Transportplan. Staten må legge til rette for at lønsame og samfunnsøkonomisk gode ferjeavløysingsprosjekt kan realiserast raskast råd. Verktøya for ferjeavløysing må

oppretthaldast og styrkast, mellom anna ved å legge til rette for nye kontraktsformer for brubygging og føreseielege finansieringsmekanismer. Staten må også legge til rette for innovasjon for å bygge bruer raskare og rimeligare enn i dag, mellom anna med flytebru-teknologi.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slike framlegg:

Nytt punkt:

Breidband er påkrevd infrastruktur for både privat næringsliv, enkeltmenneske og ikke minst for effektive offentlege tenester. Det er eit svært viktig kommunikasjonsmiddel for å nå mål både om likeverdige teneste, busetting og næringsliv i heile landet og betre å kunne nå klimamål. Neste generasjon breiband er teknologinøytralt, og som hovudregel definert som minimum 100 mbps for både nedlasting og opplasting. Stortinget må ta finansiere utbygging i område der marknaden ikke sjølv dekker utbygginga.

Punkt 4.1:

Hovudvegar der bilar kan passere kvarandre utan å senke farten/ stoppe, samt å ta bort store stigningar slik tunnell under td. Vikafjellet og Utvikfjellet vil gjere, vil også medverke til vesentleg mindre utslepp.

Punkt 9:

Sette inn «Nasjonalt»: Stadt skipstunnel ligg inne som nytt nasjonalt.....

**Arbeidarpartiet** sette fram slike framlegg:

Punkt 8:

Ta ut «....og kjem rimeleg godt ut når det gjeld skredsikring av riksvegnettet.»

Ny setning som erstatning deretter: «Vi meiner at ut frå dokumentert skredfaktor må i tillegg Rv 15 over Strynefjellet og Rv5 Førde- Florø snarast sikrast med tunnellar.»

Deretter fortset punktet som i tilrådinga.

Nytt punkt:

Ved førre NTP var det føreslått å gå i gang med ein KVU av Sognefjellstunnelane. Dette punktet bør vidareførast i kommande NTP.

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg:

Punkt 11: siste linje:

«må følgjande prosjekt prioriterast og finansierast»

**Høgre** sette fram slike framlegg:

Ny setning etter 11a:

Løfte fram Myrmel-Lunde i 2018-budsjettet.

Ny setning etter 11d:

Fylkestinget vil framheve Byrkjelo-Grodås som eit prioritert fjordkryssingsprosjekt som kortar inn reisetida på E39 med 63 minutt ved bruk av kjent bruteknologi.

Nytt punkt:

Fylkestinget ber om at Kystvegen og Tomasdard-Møre grense blir omklassifisert til riksvegstatus

**Avrøysting:**

Marita Gunn Aarvik røysta for framlegget frå Framstegspartiet, og framlegget fall.

Trude Brosvik røysta for Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til endring i punkt 4.1, og framlegget fall.

Arbeidarpartiet sitt framlegg til endring i punkt 8, Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til endring i punkt 9, og Senterpartiet sitt framlegg til endring i punkt 11, vart samrøystes vedtekne.

Bjørn Erik Hollevik og Marita Gunn Aarvik røysta for Høgre sitt framlegg om å løfte fram Myrmel-Lunde i 2018-budsjettet, og framlegget fall.

Bjørn Erik Hollevik røysta for Høgre sitt framlegg om Byrkjelo-Grodås som eit prioritert fjordkryssingsprosjekt, og framlegget fall.

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg om nytt punkt om breiband vart samrøystes vedteke.

Bjørn Erik Hollevik og Marita Gunn Aarvik røysta for Høgre sitt framlegg til nytt punkt om omklassifisering av Kystvegen og Tomasdard-Møre, og framlegget fall.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl og Helen Hjertaas røysta for Arbeidarpartiet sitt framlegg til nytt punkt om Sognefjellstunnelane, og framlegget fall.

Tilrådinga frå hovudutval for samferdsle, med vedtekne endringar, vart samrøystes vedteken

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at nye investeringsprosjekt i for stor grad vert vurderte på grunnlag av samfunnsøkonomisk nytte. Fylkestinget er sterkt kritisk til dette og meiner at klimaomstilling, samfunnstryggleik og samanhengande utbygging og standard må vektleggast sterkare. Fylkestinget finn det naudsint å peike på at vegbygging historisk sett har hatt samfunnsøkonomisk nytte. Vi finn difor at modellen som vert nytta no for rekning av samfunnsøkonomisk nytte ikkje er tilfredsstillande, då den i all hovudsak finn all infrastrukturutbygging ulønsam.  
  
Det må her vektleggast at fylket utan jernbane med funksjon innan gods og kollektiv, er i ei særstilling.
- 2 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg likevel i hovudsak til hovudmåla i transportetatane sitt grunnlagsdokument til Nasjonal transportplan 2018 - 2029.
- 3 Fylkestinget konstaterer at store bindingar gjer at det ikkje vil kome nye investeringar før i høg ramme. Fylkestinget meiner at høg ramme må aukast og leggast til grunn for investeringar i planperioden. Viktige prosjekt for Sogn og Fjordane i gjeldande transportplan er ikkje med i framlegget frå transportetatane. Dette gjeld prosjekt som utbetring av delstrekningar på E39, rv. 13 tunnel gjennom Vikafjellet og rv. 15 Strynefjellet. Dette kan ikkje aksepteras og nemnde prosjekt må vidareførast i neste NTP. Det må leggast vekt på at vi har eit svært omfattande og eksportretta næringsliv, som er avhengig av god infrastruktur.
- 4 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg i hovudsak til klimastrategien i grunnlagsdokumentet. Potensialet for reduksjon av klimagassutslepp er størst i og rundt dei største byane gjennom auka satsing på kollektivtransport og tiltak for å få ned utslepp frå flytransport. For Sogn og Fjordane vil dei viktigaste klimatiltaka vere å redusere forfallet på vegnettet, legge til rette for at overgang til el-mobilitet også skal kunne skje utafor dei største byane, og utvikle infrastrukturen slik at vi unngår store skadar som følge av klima - endringa med meir ekstreme nedbørsmengder.  
  
Fylkestinget syner til ambisjonane for kutt i klimagassutslepp, og vil som kjøpar av kollektiv- og ferjenester ta ei aktiv rolle slik at desse tenestene vert levert med låg- og nullutsleppsløysingar. Skal fylkeskommunen vere ein bidragsytar i dette arbeidet, må det opprettast ordningar som dekker fylkeskommunane sine meirkostnadars ved å velje slike løysingar.

Fylkestinget har merka seg den tydelege klimaprofilen i NTP. For å lukkast med å nå nasjonale og internasjonale klimamål innan transportsektoren, vil det vere behov for felles metode-, verktøy-, måltall-, vekting-, og begrepsapparat for å kvantifisere og følge opp det vidare klimaarbeidet i planperioden. Fylkestinget ber om at dette blir utarbeidd og implementert i det vidare NTP-arbeidet.

- 5 Prognosane i grunnlagsdokumentet viser ein kraftig folketalsvekst fram mot 2050 og at mestparten av denne veksten vil kome i og rundt dei større byane. Fylkestinget sluttar seg til dei mål og strategiar som er lagt til grunn for å møte denne veksten, men meiner samstundes at distrikta sine utfordringar ikkje må gløymast. Det er behov for auka rammetilskot for drift av kollektivtransporten i distrikta både ut frå nullvekstmålet og behovet for eit fleksibelt og brukartilpassa kollektivtransporttilbod, samt underfinansiering av anbodskontraktane i båt - og ferjetrafikken. Det er difor heilt nødvendig at staten bidreg vesentleg meir til drift av kollektivtrafikken også i distrikta.
- 6 Dersom vi skal få til overføring av gods frå veg til sjø, må staten inn med incentiv - ordningar for å få gjennomført slik omlegging av transporten. Fylkestinget meiner det er viktig at det vert lagt til rette for modulvogntog på riksvegnettet for å redusere tal vogntog i godstransporten.
- 7 Fylkestinget er nøgd med satsinga på å fjerne forfallet på riksvegnettet. Det er eit stort forfall på fylkesvegnettet som også må fjernast. Vedlikehald av infrastrukturen både på riks - og fylkesvegnettet er viktig for trafikktryggleik, framkome og for å møte framtidige klimautfordringar. Fylkestinget viser til at nytt inntektssystem for fylkeskommunane reduserer fylkeskommunen sine overføringer frå staten fram t.o.m. 2019, noko som vil medføre redusert satsing m.a. på drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det er ikkje samsvar mellom rammeoverføringane frå staten og ambisjonane i grunnlagsdokumentet. Fylkestinget sluttar seg til KS og transportetatane sitt forslag om eit program for å få bort forfallet på fylkesvegnettet.
- 8 Fylkestinget i Sogn og Fjordane er godt nøgd med at fagetataane har tatt omsyn til dei store utfordingane knytt til rassikring fylket har på riksvegnettet i Sogn og Fjordane. Fylkestinget konstaterer at Sogn og Fjordane har fleire viktige prosjekt inne i framlegget til NTP (E39 Våtedalen, E39 Skjærsura, Rv 5 Kjøsnesfjorden og Rv 13 Vik – Vangsnæs). Vi meiner at ut frå dokumentert skredfaktor må i tillegg Rv 15 over Strynefjellet og Rv5 Førde- Florø snarast sikrast med tunnelar. Ramma til skredsikring må aukast i samsvar med Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav for å nå målsettinga om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2030. Fylkestinget i Sogn og Fjordane avviser at skredsikring skal løysast med hjelp av delfinansiering.
- 9 Stad skipstunnel ligg inne som nytt nasjonalt investeringsprosjekt i høg ramme. Prosjektet må flyttast heilt fram på prioriteringslista i låg ramme med byggestart i 2018. Fylkestinget meiner dette prosjektet må realiserast i perioden 2018-21.
- 10 Kalvåg fiskerihamn må flyttast heilt fram på prioriteringslista i låg ramme med byggestart i 2018. I skipsleia sør for Bremanger er det under høg ramme lagt inn prosjekt for utdjuping av 13 grunner. Dette prosjektet er naturleg å ta i samband med Stadt skipstunnel og arbeidet med fiskerihamna i Kalvåg. Dette er svært viktig tiltak for skipstrafikken på kysten.
- 11 Fylkestinget viser til at både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestlandsrådet har som mål å få utbetra E39 til fullgod standard frå Kristiansand til Trondheim. Stortinget sluttar seg til denne ambisjonen i samband med handsaminga av NTP 2014-23, jf. Innst. 450 S (2012-2013). Ut frå målsetjinga om gul midtstripe frå sør til nord mellom fjordkryssingane i Sogn og Fjordane, må følgjande prosjekt prioriterast og finansierast inn i investeringsprogrammet:
  - a. E39 Myrmel – Lunde (godkjent reguleringsplan)
  - b. E39 Bogstunnelen – Gaula grense (godkjent kommunedelplan)

- c. E39 Langeland – Moskog (godkjent kommunedelplan)
  - d. E39 Byrkjelo – Grodås (Planarbeid pågår)
  - e. E39 Kjøs bru – Grodås (Samordnast med KVU mellom Byrkjelo og Grodås)
- 12 Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at rv . 52 over Hemsedalsfjellet vil vere den beste, raskaste og mest klima- og miljøvenlege løysinga for framtidig aust - vestsamband nord for Bergen. Fylkeskommunen har tidlegare støtta E134 over Haukeli, med arm til Bergen, som eitt av to aust - vestsamband mellom Oslo og Bergen.
- 13 Planleggingstida på vegprosjekt må ned. Reduksjon og effektivisering av planleggingstida på vegprosjekt må bli ein viktig del av NTP.
- 14 Løyving til ny terminal- og driftsbygg på Florø Lufthamn ligg inne i framlegget frå fagetaten Avinor til NTP. Fylkestinget i Sogn og Fjordane forventar at dette vert følgt opp.  
Fylkestinget ber om planleggingsmidlar til forlenging av Førde Lufthamn og Florø Lufthamn til høvesvis 1199 m og 2000 m
- 15 Ferjeavløysing må bli eit eige tema/strategisk satsingsområde i Nasjonal Transportplan. Staten må legge til rette for at lønsame og samfunnsøkonomisk gode ferjeavløysingsprosjekt kan realiserast raskast råd. Verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast, mellom anna ved å legge til rette for nye kontraktsformer for brubygging, føreseielege finansieringsmekanismer og utvida mulighet til bompengeperiode ut over 15-20 år på same måte som for ferjeavløysingsmidlar.  
Staten må også legge til rette for innovasjon for å bygge bruer raskare og rimelegare enn i dag, m a med flytebru-teknologi.
- 16 Fylkestinget ber om at Nasjonale turistvegar vert utvida til å omfatte attraktive fjordstrekningar, som Nærøyfjorden og Fjærlandsfjorden. Føremålet må vere å sikre stabile ruter med høg kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og gode miljøløysingar.
- 17 Breiband er påkravd infrastruktur for både privat næringsliv, enkeltmenneske og ikkje minst for effektive offentlege tenester. Det er eit svært viktig kommunikasjonsmiddel for å nå mål både om likeverdige teneste, busetting og næringsliv i heile landet og betre å kunne nå klimamål. Neste generasjon breiband er teknologinøytralt, og som hovudregel definert som minimum 100 mbps for både nedlasting og opplasting. Stortinget må finansiere utbygging i område der marknaden ikkje sjølv dekker utbygginga.

---

## **SAK 58/16      Vedtak av Regional Planstrategi 2016-2020**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Regional planstrategi 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Mål og strategiar i planstrategien skal vere førande for alle regionale planar i perioden.
3. Regional planstrategi, og tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, skal legge føringar/tilpassingar i gjeldande regionale planar og i utarbeiding av nye handlingsplanar i perioden.
4. Fylkestinget vedtek å fullføre arbeidet med ein strategisk plan for kysten i åra 2016 – 17.
5. Fylkestinget vedtek at vi i 2016 – 2017 skal utarbeide ein strategi for senterstruktur og senterutvikling for fylket.
6. Fylkestinget vedtek at vi i planperioden skal utarbeide følgjande nye planar (i her nemnde periodar):
  - a. Regional plan for kultur (2017 – 2018)
  - b. Regional plan for arealbruk (2018 – 2020)
7. Fylkestinget vedtek revidering/rullering av følgjande planar (i her nemnde periodar):

- a. Regional transportplan (2016 – 2017)
- b. Regional plan for klima og miljø (2016 – 2017)
- c. Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2018 – 2019)
- d. Regional plan for vassforvaltning (2016 – 2020)
8. Fylkestinget ber om at det mot slutten av planperioden vert gjort ei evaluering av regional plan for folkehelse og at vi då vurderer behovet for ei ev. revidering/rullering.
9. For å sikre gjennomføring av planarbeidet, skal naudsynte ressursar handsamast som del av budsjettprosessen for dei einskilde åra. For å gjennomføre arbeidet med kystplanen, jf. pkt. 4 over, er det stipulert eit behov på inntil 3 mill. kr (inklusive tilskot frå kommunane).
10. Fylkestinget ber og om at det vert etablert eit samarbeid mellom NAV, FM, KS og FK for å peike ut konkrete handlingsstrategiar for å få til eit målretta integreringsarbeid for innvandrarar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg:

Side 8 i Regional Planstrategi, under effektar, vert endra til:

«har vidareutvikla 3 sjølvforsterkande bu og arbeidsområde i fylket: Sunnfjord, Sogndalsområdet og Nordfjord.»

**Avrøyting:**

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med vedteken endring, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Regional planstrategi 2016 – 2020 vert vedteken med slik endring:  
Side 8, under effektar, vert endra til:  
«har vidareutvikla 3 sjølvforsterkande bu og arbeidsområder i fylket: Sunnfjord, Sogndalsområdet og Nordfjord.»
2. Mål og strategiar i planstrategien skal vere førande for alle regionale planar i perioden.
3. Regional planstrategi, og tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, skal legge føringar/tilpassingar i gjeldande regionale planar og i utarbeiding av nye handlingsplanar i perioden.
4. Fylkestinget vedtek å fullføre arbeidet med ein strategisk plan for kysten i åra 2016 – 17.
5. Fylkestinget vedtek at vi i 2016 – 2017 skal utarbeide ein strategi for senterstruktur og senterutvikling for fylket.
6. Fylkestinget vedtek at vi i planperioden skal utarbeide følgjande nye planar (i her nemnde periodar):
  - a. Regional plan for kultur (2017 – 2018)
  - b. Regional plan for arealbruk (2018 – 2020)
7. Fylkestinget vedtek revidering/rullering av følgjande planar (i her nemnde periodar):
  - a. Regional transportplan (2016 – 2017)
  - b. Regional plan for klima og miljø (2016 – 2017)
  - c. Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2018 – 2019)
  - d. Regional plan for vassforvaltning (2016 – 2020)
8. Fylkestinget ber om at det mot slutten av planperioden vert gjort ei evaluering av regional plan for folkehelse og at vi då vurderer behovet for ei ev. revidering/rullering.
9. For å sikre gjennomføring av planarbeidet, skal naudsynte ressursar handsamast som del av budsjettprosessen for dei einskilde åra. For å gjennomføre arbeidet med kystplanen, jf. pkt. 4 over, er det stipulert eit behov på inntil 3 mill. kr (inklusive tilskot frå kommunane).

10. Fylkestinget ber og om at det vert etablert eit samarbeid mellom NAV, FM, KS og FK for å peike ut konkrete handlingsstrategiar for å få til eit målretta integreringsarbeid for innvandrarar.
- 

## **SAK 59/16      Framtidig Vestlandsregion - status organisering og framdrift**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek føreliggjande orientering om det pågående regionreformarbeidet til vitande.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune forhandlar med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar for å kome fram til ein felles intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane innan 01.01.2020. Intensjonsplanen inneheld følgjande hovudtema og forhandlingspunkt:
  - a) Mål for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
  - b) Organisering av det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet:
    - o Regionen sitt namn og merke.
    - o Representantar i regjontinget.
    - o Regionen si inndeling i valkrinsar.
    - o Politisk styreform.
    - o Regjontinget sine samlingar (og regionutvalet sine møte ved formannskapsmodell).
    - o Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing.
  - c) Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: Leiing og arbeidsdeling.
    - o Organisering og leiing av eksisterande regionale oppgåver.
    - o Organisering og leiing av nye regionale oppgåver.
  - d) Prinsipp for handtering av dei tilsette i samband med regionreforma.
  - e) Bruk av disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane.
  - f) Samansetjing av «fellesnemnd» for overgangsperioden fram mot 2020.
  - g) Val av nytt regjonting.
3. Fylkestinget føreset at intensjonsplanen vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2016.

### **Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2 i fylkesrådmannen si tilråding:

Sogn og Fjordane fylkeskommune forhandlar med Hordaland og Rogaland for å kome fram til ein intensjonsplan for eventuell samanslåing av fylkeskommunar innan 01.01.2020. Dersom Møre og Romsdal ønskjer å vere med i desse forhandlingane, så ser Sogn og Fjordane positivt på det.

### **Avrøyting:**

Fylkesutvalet sitt framlegg til endring vart samråystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring, vart samråystes vedteken.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek føreliggjande orientering om det pågående regionreformarbeidet til vitande.
  2. Sogn og Fjordane Fylkeskommune forhandlar med Hordaland og Rogaland for å kome fram til ein intensjonsplan for eventuell samanslåing av fylkeskommunar innan 01.01.2020. Dersom Møre og Romsdal ønskjer å vere med i desse forhandlingane, så ser Sogn og Fjordane positivt på det. Intensjonsplanen inneheld følgjande hovudtema og forhandlingspunkt:
    - a) Mål for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
    - b) Organisering av det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet:
      - Regionen sitt namn og merke.
      - Representantar i regjontinget.
      - Regionen si inndeling i valkrinsar.
      - Politisk styreform.
      - Regjontinget sine samlingar (og regionutvalet sine møte ved formannskapsmodell).
      - Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing.
    - c) Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: Leiing og arbeidsdeling.
      - Organisering og leiing av eksisterande regionale oppgåver.
      - Organisering og leiing av nye regionale oppgåver.
    - d) Prinsipp for handtering av dei tilsette i samband med regionreforma.
    - e) Bruk av disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane.
    - f) Samansetjing av «fellesnemnd» for overgangsperioden fram mot 2020.
    - g) Val av nytt regjonting.
  3. Fylkestinget føreset at intensjonsplanen vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2016.
- 

**SAK 60/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 1. juni 2016**

**Følgjande skriv og orienteringar vart handsama:**

- 1: Nasjonal rassikringsgruppe - Angåande fylkeskommunens høyringsuttale til grunnlagsdokumentet for Nasjonal Transportplan 2018-2029
- 2a: Statusnotat om ferjeavløysing
- 2b: Frå KMD - Svar på spørsmål om ferjeavløysingsordninga
- 2c: Skriftleg spørsmål frå Liv Signe Navarsete til kommunal- og moderniseringsministeren
- 3: PRESS, Redd Barna Ungdom - Barn er barn, uansett!
- 4: Brev om TISA-forhandlingane
- 5a: Søknad frå Dans uten grenser
- 5b: Prosjektskildring Jubileumsforestilling
- 5c: Budsjett Jubileumsforestilling  
Merknad: Sjå vedtaket i sak 54/16.
- 6: Bankavtale SMN1 – Sparebanken Midt Norge *Ikkje offentleg, Ofl §23.1*  
Merknad: Sjå under munnlege orienteringar.

7a og b:Fjord1 – økonomiske resultat, 2015 og 1. kvartal 2016  
Merknad: Sjå under munnlege orienteringar.

*Ikkje offentleg, Ofl §23.4*

---